

forkynnast for alt folket vårt i ætt etter ætt, so lenge Gud vil lata oss ha dette landet bygt til si ære.

Torrey og fråhaldsrøsla.

Den amerikanske evangelist Torrey, som saman med songevangelisten Alexander ei tid heldt religiøse møte i England, gav kvar sundag på møti sine folk høve til å setja fram spursmål, som han so svara på, ofte sers råmande.

Ein kveld kom ein med spursmålet, um han var fråhaldsmann.

Han svara:

«Eg vil fortelja dykk, korleis det gjekk til, at eg vart fråhaldsmann. Eg var preikar, men fråhaldssakia la eg ikkje sers vekt på. Men ein sumar eg drog ut på ei preikeferd, kom eg til ein stad, der det var ei sterk fråhaldsrøsla. Eg ynskte nesten at eg ikkje hadde kome der. Dei sa til meg: «De kjem sjølvsagt og talar på fråhaldsmøti våres». Eg hadde aldri vore på eit fråhaldsmøte. Kva skulde eg gjera? Eg tenkte yver det og det vart klart for meg, at eg burde verta fråhaldsmann: um ikkje for anna, so for fyredømet skuld.

Eg gjekk til fråhaldsmøtet, og ein heldt ein tale. Millom anna sa han: «alle som er tilstades og ikkje hev skrivne seg som fråhaldsmann, bed eg um å reisa seg». Ein gamal drikkar, ei ung dame og eg var dei einaste som reiste seg. Når eg såg på den unge dama kjende eg meg i godt selskap, men då eg såg den gamle elendige drikkaren, skitte mine kjenslor. So gjekk eg då fram og skreiv meg, og den unge dama fylgde fyredømet mitt. Ho er her i kveld, det er kona mi. Det var fyrste gongen eg såg henne. Ho var då 17 år. Då me tvo hadde skrivne under, kom den gamle drikkaren og skreiv under ogso. Mann og kvin-nor! Eg ynskjer å taka upp att, kva eg sa for noko sidan, at so snart de kann liva like lukkeleg utan å drikka alkohol som med å drikka den, so bør de skriva under for dykkar veikje brør og systar skuld. Og dersom her er nokon, som synest at han ikkje kann liva lukkeleg utan å njóta alkohol, so bør han skriva under for si eigi skuld.»

BØN.

Kjære Gud, du heimens herre —
Jesus, du min frelsermann —
Løysa meg, ja det kann berre du som yver danden vann!
Løys meg då, du allheims drott,
trunnande i himmelslotti!

Jesus, du som sjølv hev stride,
du som sjølv var menneskje.
Jesus, du som sjølv bar krosse,
og i striden sjølv fann fred —:
Leid meg gjennom livsens sveim!
Før, meg fram til himmelheim!

Du som ser kor titt eg grublar
yver tapet som eg lid. —
Du som ser kor titt eg snublar
på min veg i livsens strid —:
Leid meg på min ferdaveg!
Ljft meg upp i lied til deg!

Lær meg heilt på deg å bli,
heilt og fullt på deg å tru!
Eg vil gjerne tungsamst slita
berre du vil hjå meg bli!

Herre — kveile meg livsens mot!
Gjev meg styrke, helsebot!

S. H. H.

Ein glad bodskap.

Då eg for nokre år sidan skulde reisa til Amerika, kom ei gamal fattig kvinne til meg og bad so inn-trengjande at eg måtte prøva å finna sonen hennar. Han hadde stole frå henne alt ho åtte, og deretter hadde han rømt til Amerika. På 8 år hadde ho ikkje høvrt frå honom.

«Um eg finn honom, kva skal eg då seigia?» spurde eg.

«Seg honom, at eg hev tilgjeve honom alt», svara ho djupt rørd.

«Er det ikkje meir De ynskjer å få sagt honom?»

«Seg at eg hev honom so kjær og at eg so hjarteleg lengtar etter brev frå honom.»

Eg reiste til Boston, den byen, der den unge mannen uppheldt seg. I tri dagar søkte eg etter honom. Tilslutt fann eg honom der han budde. Med hjartebliv gjekk eg inn til honom. Korleis vilde han taka mot helsingi frå mori?

Eg helsa på honom. Me var frå same grend, og eg kjende difor ein grand til honom. Eg tala fyrst um

eit og anna frå heimbygd. Men han såg likesæl ut, og eg tenkte då med meg sjølv: her er nok hjartejordi hard og umottakeleg.

Tilslutt bar eg fram erendi mi.

«Eg hev søkt deg upp», sa eg, «fordi eg hev ei helsing til deg frå mor di».

Då kvakk det i honor

«Mør mi, liver ho?»

«Ja».

«Og kva helsing sender ho meg?»

«At ho hev tilgjeve deg alt».

Aldri hev eg set eit so brått um-brøyte hjå ein mann. Han søkk mest saman.

«Var det noko meir, du skulde seigia meg?»

«Jan, at du var henne so kjær».

Han løynde andlitet i hendene sine. —

«Og kva meir?»

«At ho lengta so etter brev frå deg».

Den unge mannen var knust, yvervunnen av sin mors kjærleik.

*

Nett same bodskapen hev me å bera fram frå Gud til syndarar, som hev forlate faderhuset og gjenge burte på verdens ville vegar.

Måtte den bodskapen gjera syndarar mjuke, so han fær verka umvending til den kjærlege Gud og fred og inkte i samfundet hans.

Den heilage Fransiskus.

Millomalderev var ei underleg tid, rik på store motsetningar.

Hugen leika med syner og dikt, men viljen vart og lett oppglødd til storverk. Draum og dåd gjekk hand i hand.

Det var ei gjærande vartid med rike krefter. Det var folkeånd i ungdomstid, då ein drøymer stort, men og vågar stort.

Dei religiøse hugsmål rådde mest grunnen åleine. Der var å seigia berre ein vitenskap, teologien. Dei andre vitenskapar stod berre som lydnige tenarar under denne.

Å sjå eit livsbilete frå den tidi vil eg vona, at lesarane av «Stille Stunder» vil finna hugnad i.

Fransiskus vart fødd i 1182 i ein liten by Assisi upp imot Apeninene bygd på ein ven ås attved ei liti si-deelv til Tiberen.

Han heitte eigenleg Johannes, el-
ler på italiensk Giovanni. Far hans
var Pietro Bernardone, ein rik kjøp-
mann, som hadde reist mykje i
Frankrike. Sonen hadde og vore
mykje der og hadde lært franske
skikkar. Difor kalla dei honom
Francesco, den vesle franskmannen,
på latin Fransiscus. Det var tan-
ken at han skulde gå inn i handelen
og yvertaka faren si forretning.

I den rike heimen fekk guten al-
le sine ynskje oppfylte og livde
rikmannssonens flotte liv. Han sam-
la mange kameratar ikring seg, og
livde eit lystigt liv. Fransiskus var
føraren deira, den livsgladaste og
yvergievnaste av alle.

Dei kunde driva det vidt i råskap
og villskap. For so var tidi. Njo-
tingssjnk og sterk i kjenslor. Men
og lett til å lata seg oppelda for
høgare hugsmål.

Nordanfor Assisi låg ein litt
større by, Perugia. Han kom i krig
med Assisi.

Fransiskus gjekk med i krigen.
Han vilde verta noko stort, vinna
krigaræra. Men det gjekk ikkje so
hævt. Han vart fanga og sat eit
heilt år fast i Perugia.

Dette døyvde på stordomstankane.
Han vart fri og kom heim. Men no
fall han i ein hard sjukdom.

Han kom seg, men var ikkje no
heilt den gamle. No var der kome
meir ålvor yver honom.

Men endå tyrsta han etter å ver-
ta noko stort, vinna eit namn. Det
var den ideale trongen, som vakna
i honom, so han sette seg høge
mål. Men endå hadde han ikkje
fenge auga på det høgste. «Eg veit,
eg vil verta ein stor fyrste», sa han
eingong.

Han gjekk med på ei ny krigsferd
til Suditalia. Alt i ein liten by
Spoleto, eit stykke sud for Assisi
gjekk han ferd. Han vende heim
til Assisi, gjefte i einsemi og kom
i stor indre strid. Det var frelse-
spursmålet som var vakna. Han
streid med Gud og bad um ljøs og
fred.

Ut av denne striden gjekk han

med nye hugsmål. Han vilde ikkje
vinna stordom ved krig lenger. Han
vilde tena.

Han vitja sjuke og gjorde vel
mot dem på alle måtar.

Han gjorde ei ferd til Rom, der
han gjekk ved kyrkjedørene og tig-
ga åt dei fattige.

Under bøni, tykte han å høyra
det ropet, at han skulde gå og byg-
gja upp att Guds fallne kyrkja. Han
lydde, men på ein heilt utvertes og
rang måte. Han selde av faren sine
varor og hesten sin og gav pengane
til ein prest.

Då vart faren harm og sonen laut
taka til rennings, men kom likevel
snart attende. I dei tvo åri, han no
var heime, sette han istand ei liti
kyrkje, som heitte Portinuncula. Han
trudde på denne måten å kunne
oppfylla ordet um å reisa Guds kyr-
kje. —

Denne kyrkja vart den kjæreste
staden hans. Ho vart og midpunk-
tet for heile den rørsla, Fransiskus
vekte.

Ein dag høyride han messa i den-
ne kyrkja. Då høyride han Jesu
ord: Matt. 10, 9 og 10: «*Tale ikkje
med gull, eller sylv, eller kopar i
belli dykkar, ikkje ferdaskreppe, ik-
kje tvo trevor, ikkje skor, ikkje
stav. For ein arbeidsmann er kosten
sin verd.*»

Dette greip honom, og han lagga
straks livemåten sin heretter og
fekk seg ein hårkjole, som han tok
på seg, la hurt pung og skor og stav
og hatt eit tog ikring livet, og tok
til å preka umvending.

Han knæla ein dag i ei kyrkje
framfor biletet av den krossfeste
og fekk ei sæl kjensle av Jesu sam-
fund. Det var brudlaupet hans, sa
han. Jesus hadde egtevigt honom
til brudi hans, fætigdomen.
(Mein).

Bergens Fagskole

Nye 2-årige kurser begyner 1.
september. Undervisningen er teo-
retisk og praktisk og omfatter av-
delinger for *tre-, metall- og elektro-
teknikk*. Der undervises 25 timer i
teoretiske fag, 25 timer i verksteds-
arbeide ukentlig.

Skolepenger kr. 12,50 månedlig.

Plan og innmeldingsskjema til-
stilles. BAB

Bladmannaskulen

gjev opplæring i bladarbeid ved
brevbyrje. Plan fritt.

Bladstyrar **HANS AARNES**,

Bygdøy, Oslo.

Solgli mit

— månadsblad for Norsk vanføresak —
Kjøn ut i *Alvøyg*, pris kr.
2,00 um året. Meldingar,
utgreidingar um saki frå
inn- og utland, forteljin-
gar o. a. Styd vanføresa-
ki ved å tinga bladet!

FRAM

14-dagleg tidsskrift, utgjeve
av studentmålaga i Oslo,

Nidaros og Aas.

Kostar berre kr. 1,50 kvartalet.

Fritt og friskt.

Bendungsdomslaget, Stavanger

Matstova, Øvre Holmegt. 20

Kaffistova, Torget 6

Kaffistova, Østervåg 25.

GOD MAT OG GODT STELL.

Kaffistovone åt mållaget

Haugesund.

Telefongarden Torget og Haraldsgt. 126

ved Landmannstorget.

Framifrå stell.

Beste og billigaste matstover i byen

Husbunad i norsk stil.

Stort bladhald.

STILLE STUNDER kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3.00 for året. Tingsammlarar fær for
5. løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadar i landet. Uppsegjingar av bladet må vera komne til sendestova
innan utgangen av halvåret. Elles stend tingingti fast. Tidskrift til styret og sendestova er fru sokneprest Barstad, Volda